



# SELJORD KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Arbeidsmiljøutval  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Dato:** 17.08.2021  
**Tidspunkt:** 10:00- 15:00

---

### Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Rikke Syvertsen Raknes	Leiar	Rådmann
Ronde Ingeberg Schade	Medlem	Kommunalsjef
Janne Merete Larsen	Medlem	Kommunalsjef
Tone Bøhn	Medlem	HMS-ansvarleg
Øyfrid Garborg Sande Aufles	Medlem	Utdanningsforbundet
Sigbjørn Tvitekkja	Medlem	Hovedvernombod
Vigdis Øverland	Medlem	Fagforbundet

### Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Astrid Brockhus	MEDL	Bedriftshelsen

### Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Ingeborg Nenseter Jensen	Organisasjons- og personalsjef

## Saksliste

<b>Saksnr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsak</b>
	Saker til handsaming	
PS 13/21	Godkjenning av saksliste og innkalling	
PS 14/21	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
PS 15/21	Avvik som har kome inn	
PS 16/21	Orientering om sjukefråvær 2. kvartal 2021	2021/2054
PS 17/21	Revidering av Personalpolitiske retningsliner	2021/2349
PS 18/21	Utlysing - kommunalsjef skule og oppvekst	2021/2443
PS 19/21	Orientering om brannteknisk gjennomgang av Seljord ungdomsskule	2021/2424

## **Saker til handsaming**

### **PS 20/21 Godkjenning av saksliste og innkalling**

#### **Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Hovedvernombod ynskjer at sakspapira skal kome i forkant av ferien, då møtet er såpass rett etter ferien.

Saksliste og innkalling til møtet 17. august vart samrøystes godkjent.

#### **Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Saksliste og innkalling til møtet 17. august er godkjent.

### **PS 21/21 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Protokollen frå møtet 6. april vart samrøystes godkjent.

#### **Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Protokollen frå møtet 6. april er godkjent.

### **PS 22/21 Avvik som har kome inn**

#### **Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Arbeidsmiljøutvalet ynskjer at assisterande einingsleiar for Flatdal oppvekstsenter skal kome til arbeidsmiljøutvalet og orienterer om problemstillingar knytt til bemanning i barnehage, for så å sende saka vidare til administrasjonsutvalet.

Arbeidsmiljøutvalet oppmodar politikarane til å engasjere seg i tilsettes tryggleik på jobb med tanke på handtering av brukarar innan psykiatri og rus, og ber om at saka blir tatt opp i administrasjonsutvalet.

Arbeidsmiljøutvalet ber om at risikoen for vald og truslar mot tilsette blir tatt opp i politiråd. Alle verksemder må gjere gode risikovurderingar innanfor relevante scenario for si eining.

Arbeidsmiljøutvalet ber om at kommunalsjef for PO4 utarbeider liste over kven som skal ha tilgang til tekniske rom ved vassverket og symjehallen og gjer risikovurderingar knytt til desse. Arbeidsmiljøutvalet ber om at kommunalsjef for PO4 orienterer arbeidsmiljøutvalet om rapporten til Arbeidstilsynet.

Arbeidsmiljøutvalet ber om at kommunalsjef for PO4 rapporterer status i arbeidet rundt vassverket på Århusmoen i neste møte.

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Arbeidsmiljøutvalet ynskjer at assisterande einingsleiar for Flatdal oppvekstsenter skal kome til arbeidsmiljøutvalet og orienterer om problemstillingar knytt til bemanning i barnehage, for så å sende saka vidare til administrasjonsutvalet.

Arbeidsmiljøutvalet oppmodar politikarane til å engasjere seg i tilsettes tryggleik på jobb med tanke på handtering av brukarar innan psykiatri og rus, og ber om at saka blir tatt opp i administrasjonsutvalet.

Arbeidsmiljøutvalet ber om at risikoen for vald og truslar mot tilsette blir tatt opp i politiråd. Alle verksemder må gjere gode risikovurderingar innanfor relevante scenario for si eining.

Arbeidsmiljøutvalet ber om at kommunalsjef for PO4 utarbeider liste over kven som skal ha tilgang til tekniske rom ved vassverket og symjehallen og gjer risikovurderingar knytt til desse. Arbeidsmiljøutvalet ber om at kommunalsjef for PO4 orienterer arbeidsmiljøutvalet om rapporten til Arbeidstilsynet.

Arbeidsmiljøutvalet ber om at kommunalsjef for PO4 rapporterer status i arbeidet rundt vassverket på Århusmoen i neste møte.

#### **PS 23/21 Orientering om sjukefråvær 2. kvartal 2021**

##### **Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

##### **Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Arbeidsmiljøutvalet tek orienteringa om sjukefråværet i 2. kvartal 2021 til vitande.

##### **Rådmannen si tilråding:**

Rådmannen rår utvalet til å ta orienteringa om sjukefraværet i 2. kvartal 2021 til vitende.

#### **PS 24/21 Revidering av Personalpolitiske retningslinjer**

##### **Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Hovedvernombod etterlyser deltaking frå vernetenesta i arbeidet med revidering av dei Personalpolitiske retningslinjene.

Endringsforslag:

Innleiing, målsetting s. 16: «Tillitsvalde/verneteneste skal bli involvert i prosessar knytt til avgjersler».

Samrøystes vedteke.

6.1: «Tilsettingsutvalet avgjer om ledige stillingar skal lysast ut».

Samrøystes vedteke.

8 s. 19 – kutte ut punktet.

Samrøystes vedteke.

9 s. 20 – legge ut mal for sluttsamtale på intranett og i dokumentbiblioteket i Compilo.

Samrøystes vedteke.

11.3 – stryke setning om referanse til Høgsterett RT 1992.

Samrøystes vedteke.

11.5 – stryke punktet, då det kjem seinare i dokumentet.

Samrøystes vedteke.

11.6 – Arbeidsmiljøutvalet ber om at lokale seniorpolitiske tiltak blir drøfta nærmare.

Samrøystes vedteke.

Arbeidstidreglementet

3.7 Ferie

«Arbeidstakarar som fyller 60 år i løpet av ferieåret, skal ha ei arbeidsveke (i full stilling).

Samrøystes vedteke.

3.12 – stryke punktet.

Samrøystes vedteke.

Permisjonsreglement

6.2 Permisjon ved sjukdom ut over to år.

«... det vert gitt permisjon...» s. 39. Sjekke med KS om det juridiske.

Samrøystes under føresetnad av juridisk ok.

6.5.1. Fjerne kultpunkt 3.

Fall med 7 mot 1 stemme.

6.5.3 utvide til å gjelde «frivillige hjelpe- eller beredskapsorganisasjonar» i overskrift og i brødtekst.

Samrøystes vedteke.

8.2 Gåvereglement

Gåve på kr 5000 til dei som har vore tilsette i kommunen i 40 år.

Samrøystes vedteke.

Korrigere partnerskap under permisjonsreglement.

Telefonireglement

6.3 Dekking for bruk av eigen telefon i tenesta

«Lønstilllegg på kr. 1000». 3 stemmer for forslaget, falt mot leiar si dobbeltstemme.

Fall med 4 mot 3 stemmer, med leiar si dobbeltstemme.

Råd for bruk av sosiale media

12.4 Generelle råd

Siste kultpunkt: «brukarstøtte».

Samrøystes vedteke.

## **Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Utvalet vedtek dei reviderte Personalpolitiske retningslinene for Seljord kommune med fylgjande endringsforslag:

Hovedvernombodet skal delta i vernetenesta i arbeidet med revidering av dei Personalpolitiske retningslinene.

Innleiing, målsetting s. 16: «Tillitsvalde/verneteneste skal bli involvert i prosessar knytt til avgjersler».

6.1: «Tilsettingsutvalet avgjer om ledige stillingar skal lysast ut».

8 s. 19 – kutte ut punktet.

9 s. 20 – legge ut mal for sluttsamtale på intranett og i dokumentbiblioteket i Compilo.

11.3 – stryke setning om referanse til Høgsterett RT 1992.

11.5 – stryke punktet, då det kjem seinare i dokumentet.

11.6 – Arbeidsmiljøutvalet ber om at lokale seniorpolitiske tiltak blir drøfta nærmare.

Arbeidstidreglementet

3.7 Ferie

«Arbeidstakarar som fyller 60 år i løpet av ferieåret, skal ha ei arbeidsveke (i full stilling).

3.12 – stryke punktet.

Permisjonsreglement

6.2 Permisjon ved sjukdom ut over to år.

«... det vert gitt permisjon...» s. 39. Sjekke med KS om det juridiske.

6.5.3 utvide til å gjelde «frivillige hjelpe- eller beredskapsorganisasjonar» i overskrift og i brødtekst.

8.2 Gåvereglement

Gåve på kr 5000 til dei som har vore tilsette i kommunen i 40 år.

Korrigere partnerskap under permisjonsreglement.

Råd for bruk av sosiale media

12.4 Generelle råd

Siste kultpunkt: «brukarstøtte».

## **Rådmannen si tilråding:**

Utvalet vedtek dei reviderte Personalpolitiske retningslinene for Seljord kommune.

## **PS 25/21 Utlysing - kommunalsjef skule og oppvekst**

## **Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Saka tas til orientering.

## **Rådmannen si tilråding:**

Saka tas til orientering.

## **PS 26/21 Orientering om brannteknisk gjennomgang av Seljord ungdomsskule**

### **Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Arbeidsmiljøutvalet ber om at rapporten og vedtaket blir sendt kommunestyret sine medlem til informasjon og som førebuing til budsjettarbeidet.

Rådmannen si tilråding med tillegg vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 17.08.2021**

Arbeidsmiljøutvalet ber rådmannen greie ut kostnader ved utbetring av brannverntryggleiken ved Seljord skule og innarbeide dette i kommande budsjett- og økonomiplanperiode. Rådmannen bør i budsjettprosessen for 2022 vektleggje behovet for utbetringar av skulebygga i sentrum, slik at ein sikrar at ein også i framtida har skulebygg i sentrum som er i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i skule og barnehage.

Arbeidsmiljøutvalet ber om at rapporten og vedtaket blir sendt kommunestyret sine medlem til informasjon og som førebuing til budsjettarbeidet.

## **Rådmannen si tilråding:**

Arbeidsmiljøutvalet ber rådmannen greie ut kostnader ved utbetring av brannverntryggleiken ved Seljord skule og innarbeide dette i kommande budsjett- og økonomiplanperiode. Rådmannen bør i budsjettprosessen for 2022 vektleggje behovet for utbetringar av skulebygga i sentrum, slik at ein sikrar at ein også i framtida har skulebygg i sentrum som er i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i skule og barnehage.